

Osterøy kommune

Dato	04.05.2023
Vår referanse	2023/60285-1
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Eva Hamre
E-post	Eva.Hamre@vlfk.no
Telefon	57638066

LTU (Lokal transporttilbod for ungdom) –

Invitasjon til å søke på tilskot for 2023

Passasjergrunnlaget i Vestland er ikkje stort nok i distrikta til at det er grunnlag for å etablere ordinære ruter med buss og båt som dekker alle behov. Vestland fylkeskommune tilbyr difor tilpassa lokale løysingar til ulike målgrupper.

Lokaltransport for ungdom (LTU) er eitt av tiltaka.

Fylkeskommunen har sett av kr. 2 mill. for 2023 som kan nyttast til å forbetre reisetilbodet for ungdom til/frå fritidsaktivitetar på ettermiddag og kveld. Vi inviterer kommunane og ungdomsråda til å utforme lokale skyssopplegg og til å søkje om midlar.

LTU skal gi ungdom mellom 13 og 19 år høve til å delta på fritidsaktivitetar på ettermiddag og kveld i område der det ikkje går andre høvelege ruter.

Avdelinga mobilitet og kollektiv ynskjer å komme i kontakt med **tilsette på kommunen som jobbar mot ungdommane**. Vi ynskjer å jobba ilag med dykk for å få til eit tilbod for ungdommane i din kommune på ettermiddag/kveld, sjå kontaktinformasjon lenger nede.

Kommunen er søkjar og har ansvar for:

- Sende søknad til fylkeskommunen
- Vere mottakar av midlane
- Innhente kostnadstilbod på transport
- Fastsetje eigendel på reiser
- Tinge reiser hos transportør (drosje eller busselskap)
- Organisere skyssen
- Informasjon og marknadsføring av transporttilboda til potensielle reisande
- Utbetaling til transportør etter faktura
- Innsending av prosjektrapport til fylkeskommunen til gitt frist

Fylkeskommunen gjer ei totalvurdering av søknadane, og deler ut midlar med utgangspunkt i tilgjengeleg budsjett, vedtekter og politiske prioriteringar for kollektivtilbodet i Vestland.

I vurderinga tek fylkeskommunen omsyn til:

- anna rutetilbod
- kundegrunnlag
- geografisk spreining
- fritidstilbodet på reisemålet

Kommunen kan berre kjøpe transport frå transportørar med godkjent løyve for persontransport. Kommunen er ansvarleg for å sikre at transportør har løyve. Transportør fakturerer kommunen for utført transport.

Ta kontakt med oss for vidare dialog.

Kontaktpersonar:

eva.hamre@vlfk.no – tlf 57 63 80 66

runa.stokke.brogstad@vlfk.no – tlf. 97 97 49 06

Med helsing

Eva Hamre

seniorrådgjevar

MOK - Stab og forvaltning

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Mottakarliste

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Austevoll kommune	Birkelandsvegen 2	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Postboks 54	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Kvam kommune	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Osterøy kommune	Hatland	5282	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Ullensvang kommune	Opheimsgata 31	5750	ODDA
Ulvik kommune	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgate 16	5722	DALEKVAM
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG